

## **Merknad til kommuneplan 2014 -2026 med høyringsfrist 01.10.14 Gbr24/bnr23**

Viser til kommuneplanen som no ligg ute til høyring. Vår eiendom på Sagstad, Gnr 24, Brnr 23 er berørt av denne planen.

Trond Austrheim og Liv Marit Fløysand kjøpte huset i 2007, vi har sidan den gong holdt på å pusse opp eiendommen.

Underteikna vil med dette komme med merknad til planen, dette området var tidlegare LNF- område. I nytt framlegg til plan har no området fått endra arealformål til offentleg areal (OT2)Slik vi forstår dette er det slik at skulen skal kunne utvide. Dette har skjedd heilt utan varsel. Og vi synast at involverte partar skulle ha blitt kalla inn til møte med kommunen før eit slikt forslag vart offentleggjort, det er trass alt store verdiar som blir båndlagt av kommunen sjølv om det er ute til høyring.

Vi ynskjer ikkje endra arealstatus på dette området. Vi bur her og har gjort store investeringar på eigedomen vår, eit anna arealformål vil senke verdien på området og det vil vere vanskeleg å få seld bustaden. Dette er og stadfesta frå eigedomsmeglar Sondre Myhr (Eiendomsmegler Vest). Me har vore i kontakt med kommunen og fått vite at behandlingane av ein arealplan tek lang tid. Vi må leve i denne uvissa om kva som skjer med eigedomen vår i mange år, og slik kan vi ikkje leve. Dersom det er slik at kommunen kjem til å halde på framlegget om å regulere vårt område til offentleg areal vil vi ha forhandlingar med kommunen om å verte kjøpt ut. Hvis kommunen trekker tilbake planen for gbr 24 / bnr 23 men held på planen til nærliggjande eigendomar vil vi heller ikkje kunne bu her, vi ser da for oss utbygging på kvar side av eiendommen vår og store bygg og p-plasser inn til vår eigedom.

Vennlig Hilsen

Trond Austrheim

Liv Marit Fløysand